

94.¹ Tone: O' hjartans ve.

1. Fraa by aa land
Fraa hav aa strand
Jo jamt ulukkor hende
Grunnen jamt er fylderi
Ak! ein grusom ende.

2. Me hev eitt krav
Fraa han so gav
Os evnen til aa tenkja
Kravi kjem no stærkast daa
Vondskap vil os kjenkja

3. Aa kravet er
Meg sjølv so nær
Meg allerfyrst det gjeller
Eg maa alltid sky aa fly
Ondskap fyr jo heller

4. Derfor eg har
Eitt stort ansvar
Eg maa meg alltid vara
Utfor vegen kan eg gli
Aasso ille fara.

5. Høyr kammerat
Eg tenkte at
Du skulle sjaa aa stansa
Tenkja upp aa tenkja ned
Mangt du kunne sansa

6. Eg tenkje paa
Kva vondt me sjaa
Aa meira høyr me gjete
Illa for einkvar vel daa
Kjeme ein til vete.

7. De vete daa
Da vanta paa
Ein soleis treg kan væra
Lett i færd aa stolt i ord
Ingjen ting aa gjera

8. Kom syster bror
Fraa sud aa nord
Dykk væra skal velkomen
Lat os føra kamp aa strid
Imod usseldomen.

9. Paa høge stol
Kong alkohol
Han sendet ut *gesantar*
I kvar krok aa i kvar kraa
Hverva han *drabantar*.

10. Paa kongebud
Ein stillar ut
Helst da so auga daara
Folk bit i aa folk heng paa
Gud me kunna saara.

11. Ein tenkte so
Folk skulle no
Seg ikkje lata hverva
Nei da ser ikje ut til da
Folk er nau forderva

12. Den rette veg
Fornegta seg
All drykk so teke vete
Men i den er folk so glad
Høyre aller gjete

13. Du unge sjel
Du gjore vel
Um rusdrykk du forsaka
Verdo ho er farleg no
Alle tarv me vaka

14. Du skunda deg
Aa dra i veg
Burt fraa skoddevrimlen
Gled deg sjølv aa gled din heim
Gled di far i himlen

1 Ref: Foto Bj_s149.TIF